

E-post: debatt@klassekampen.no

KRONIKK
& DEBATTSV mangler
helhetssyn

INTEGRERING

Ingvar Kolbjørnsen



Professor i statsvitenskap Trond Nordby, definerte SVs integreringspolitikk som «ren symbolpolitikk» i Klassekampen torsdag 3. juni. Jeg er ikke helt enig, men Nordby treffer et ømt punkt. Dette handler ikke for meg om det som er den integreringspolitiske plattformens innhold, men heller dens mangler. Hvor har det blitt av den sosialistiske helheten i SVs integreringspolitikk?

Jeg syns det som mangler er en overordnet analyse som viderefører de setningene i forslaget som lyder «Bekjempelse av klasseforskjeller er [...] helt sentralt for å lykkes med integrering. Det flerkulturelle samfunnet trenger derfor et sosialistisk parti og en sosialistisk politikk!»

Hadde SV brukt disse to setningene som grunnlag for analysen, istedenfor, som Klassekampen påpeker, å henge seg opp i det de kaller «et tredje standpunkt», tror jeg norsk integreringspolitikk kunne kommet langt.

Ingvar Kolbjørnsen

2. Nestleder i Akershus SU
ingvar@su.noEn stygg
urett

ASYL

Sverre Røre

Det var med blandede følelser jeg leste Klassekampens kronikk 28. mai om «Une og barns beste» av Gulla Gramstad. Med glede fordi hun tar Arnulf Øverlands ord på alvor: «Du skal ikke tåle så inderlig vel, den urett som ikke rammer deg selv». Men med sorg fordi det viser seg hvor mye urett som skjer i dagens samfunn hvor barn er den direkte lidende part. Har vi ikke kommet lenger i 2010?

I artikkelen vises det klart til både Utlendingsloven og FN's Barnekonvensjon. Ordlyden og hensikten i disse lovene er klare og skulle tilsi at Abbas og Fozia Butt skulle få en helt annen skjebne. Men at Une selv foreslår en mer human behandling i Odelstingsproposisjon nummer 75 uten selv å følge opp, tar kaka. En skulle tro de driver en lek med ord. Hva er de redde for?


Jeg vil be Klassekampen forfølge denne saken helt til mål. Det ville være i avisens ånd å sette et skarpt søkelys på de forskjellige instanser som har med denne saken å gjøre. La ikke Øverlands ord være sådd på stengrunn.

Sverre Røre,

Stavanger

sverre.rore@getmail.no

Nytenking for bygdene

DISTRIKTS-
POLITIKKJonathon Moses og
Bjørn Egil Flø

Det kryr av misnøye i bygdene. Det er ubalanse mellom bygdefolk sin forståing av rettferd og myndighetene sitt ynskje om effektivitet, og ubalansen veks seg større for kvart år. Systematisk har me stimulert til jamn avskaling av gardsbruk og oppfordra satsingsvillige bønder til å vekse gjennom å kannibalisere på egne grannar. Sjukehusa skal samlast og folk lyt setje sin lit til oskefrie korridorar for luftambulanse. Men ei trøyst skal likevel bygdefolket ha; posten har lova at dei vil slutte å bere rekningar på laurdagar.

Me tvilar ikkje på politikarane sin vilje til å skape livskraftige bygdesamfunn kring om i heile landet. Aldri har me høyrte politikarar ta til orde for å avfolke bygdene. Det er brei politisk semje om å styrke distrikts-Noreg, om å sikre busetnad og arbeidsplassar i periferien, om å skape nye næringer som gjer bygdene solide i møte med framtida. Så det er ikkje viljen det står på, snarare handlar det om evna.

I kjølvatnet av internasjonale forpliktingar og ynskje om betre marknadstilpassingar, har me kunne vitne ei rekke omveltingar dei siste tiåra – alle velsigna av skuleøkonomane sine lovnadar om effektiviseringsgevinstar kopla til marknadliberaliseringa. Diplomatkorpset, flankert av eksportbedriftene egne ambassadørar, diltar i hælane på arveprinsen som gjer som best han kan for å tene til apanasjen. Alle vil dei opne dører til lukrative marknader for norsk næringsliv. Ikkje misforstå, dette er viktig – særleg nettopp for distrikts-Noreg. For det er på stadar som Røst, Sykkylven, og Røros ein finn handfast materialitet produsert for eksport. Men prisen er høg og kanskje høgre enn naudsynt? Ein stadig meir global marknad for varer, teneste og arbeid set også press på vår nasjonale produksjon. Som eit svar og like mykje som ein konsekvens av dette har politikarane våre funne det naudsynt og hensiktsmessig å akseptere marknaden og liberalismens logikk.

Då industribedriftene på Nordvestlandet laut tole skyhøge energiprisar



UFORLØYST POTENSIAL: Det på små stader i distrikta ein finn handfast materialitet produsert for eksport, skriv artikkelforfattarane. FOTO: GORM KALLESTAD, SCANPIX

i vinter, ropte mange på politikarane og bad dei ta grep. Men i sin iver etter marknadbaserte energiløysingar har politikarane gitt vekk det dei hadde av reguleringsverktøy som kunne ha garantert stabil og rimeleg tilgang til denne naudsynnte vara – denne absolutte føresetnaden for verdiskaping som straum er. Om politikarane ville aldri så mykje, greidde dei likevel ikkje sikre førutsettelege vilkår for industrien på Møre. Der laut industrieigarane

«Politikarane har gitt vekk
det dei hadde av reguleringsverktøy»

sjølve manøvrere det beste dei kunne kring energiprisar som svinga med barometeret.

Europeiske ambisjonar og forpliktingar mot internasjonale avtalar har innskrenka våre moglegheiter til å føre nasjonal politikk på våre viktigaste politikkområder. EØS-forpliktingane gjer det vanskeleg å prioritere lokale produsentar og leverandørar. Det einaste me set att med er ropet om meir overføringar til distrikta. Eit rop me lett finn att i siste statsbudsjett der distriktspolitikk ikkje ser ut til å bety anna enn pengar og ein og annan redningspakke der det har spissa seg til som verst.

Me manglar samanhengande strategiar for å stimulere næringslivet. Me treng å sette oss i stand til å ta politiske grep med oppslutnad frå heile landet. Me treng nye strategiar

og nye politiske verktøy for å sikre produksjon og verdiskaping. Me må stimulere til politisk innovasjon, som kan setje oss i stand til å utnytte dei små politiske nisjane.

Me må våge å prøve ut lokale handelsområder, frie innvandringssoner og høgteknologiske distrikt ute i bygdene. På energisida kan me sjå til Danmark og Tyskland og eksperimentere med små endringar i det juridiske rammeverket kring eigarskapen til lokalprodusert

energi og finne korleis det verkar inn på konkurranse og industrietableringar. Me treng å sette lokalsamfunna i stand til å utnytte fortrinn, me treng å gi dei att verdien

av ressursane som ein gong var årsaka til at folk busette seg her.

Me treng nyanserte tilnærmingar der marknad og fornuft kan møtast. Me treng radikale idear, me treng forskarar og politikarar som innsar behovet for nye former for marknadstilpassingar og politisk implementering. Me treng å fylje råda frå Karl Polanyi i boka «The Great Transformation»; om å gi marknaden og den økonomiske aktiviteten ei brei sosial og politisk forankring. Me treng å gjenscape balansen mellom bygdefolk sin forståing av rettferd og myndighetene sitt ynskje om effektivitet. Berre då kan me sikre rettferdige utfall tufta på demokratiske prinsipp.

Jonathon Moses,

statsvitar, NTNU

Bjørn Egil Flø,

sosiolog, Norsk senter for bygdeforskning.

Gripen i
Norden

JAGERFLY

Svein Ubostad

Svenskproduserte Gripen som et felles jagerfly i hele Norden ville være en enorm fordel, både militært, teknologisk, økonomisk, miljømessig, fagmessig og politisk. Med kontinuerlig fornying av flyparken kan en gå ut fra et behov på 330 fly for landene Sverige, Norge, Finland, De baltiske statene og eventuelt Danmark. Går man ut fra en pris på 50 millioner dollar per fly,

blir summen 16.500 millioner dollar. Med en kurs på seks kroner blir det 99.000 millioner kroner. Med tillegg for prisstigning blir dette cirka 100 milliarder kroner.

Dette er bare for fly. I tillegg kommer reservedeler, oppgradering, våpensystemer, opplæring av bakkepersonell, og utdanning av piloter og så videre. Hvor stor verdi dette prosjektet vil ha er vanskelig å beregne, men det vil sikkert bli over 200 milliarder kroner. Dette kunne bli det største og dyreste industri samarbeidsprosjekt som noen gang er satt i gang i Norden, med mulighet for høyteknologisk utvikling og mange tusen arbeidsplasser. En Nordisk AIRBUS-suksess.

Det forundrer meg at ikke regjeringene i hele Norden presser på for å få dette prosjektet i gang. Det må da være mye bedre å beholde teknologien, kompetansen og kapitalen i

Norden, enn å føre på den glupske gjøkingen Lockheed Martin, som nå passerer 136 millioner dollar (cirka 815 millioner kroner). De er like dyre å fly med i dollar som Gripen er i kroner – over 30.000 dollar per time. Det er stadig færre som vil være fosterforeldre for disse flyene.

Svein Ubostad,

sveiuobos@online.no

RETTELSE



I Kringla heimsins 25. mai 2010 ble illustrasjonen ved en feil trykket uten kreditering. Det er den norske grafikerne Arvid Ubbjørg som har laget dette vakre trykket. Red.